

PERSONVERNERKLÆRING VOSS DANSESKULE:

Denne personvernerklæring gjer rede for korleis Voss Danseskule handterer personopplysningar som samles inn for å utøve våre tenester. Dagleg leiar er ansvarleg for handteringa av personopplysningar. Om du ønsker innsyn i, retting av eller sletting av personopplysningar kan dette gjerast til post@vossdanseskule.no. Om du meiner at Voss Danseskule har behandla dine personopplysningar i strid med gjeldande lovgivning kan du klage til Datatilsynet.

Korleis vi bruker data om deg:

Voss Danseskule innhenter kontaktinformasjon og fødselsdato til våre elever ved påmelding til kurs.

- Kontaktinformasjonen brukes til å sende ut informasjon som er relevant for kundeforholdet og nødvendig for å gjennomføre god undervisning og opplæring.
- Fødselsdato brukes for å finne riktig aldersnivå og kurs for elevene.
- Kontaktinformasjonen deles med vår leverandør av regnskaps- og oppfølgingstenester.
- Dersom undervisninga av ulike årsaker må legges digitalt deles navn og telefonnummer med leverandør av digitale tjenester.
- Vi sikrer at dine opplysninger til ein kvar tid er sikkert lagra og ikkje deles vidare til tredjeparter.

E-post:

Du kan sende e-post til oss, men hugs at alle verksemder er sårbare for datatyveri. Du bør difor ikkje sende sensitivt innhald på e-post.